

Referat frå møte i Eksingedalen Sokneråd

Torsdsag den 15 januar 2026

Stad: Eksingedalen Kyrkje kl.19.00

Til stades: Elisabeth Holth , Rune Nesheim, Kari Brørvik og prest Frode Kvamsøe

1/26 Godkjenning av innkalling, sakliste og referat frå sist møte

- Godkjent

2/26 Gudstenester og takke offer fram mot våren 2026

- Gudsteneste 15 Februar Kl. 11.00 og takke offer til Kyrkjelyds arbeid
- Palmesøndag den 29 Mars Kl.16.00. Takke offer til Kirkens nødhjelp
- Gudstjeneste den 26 April Kl. 11.00 Takke offer til Sjømanns kyrkja
- Gudstjeneste den 31 Mai Kl. 11.00 Takke offer til Kyrkjelyds arbeid
- Gudsteneste på «Fagertunstemna» den 21 Juni Kl.12.00. Ikkje takkeoffer denne dagen.

3/26 Fordeling og ansvar for kyrkjeverter våren 2026.

- 15 Februar kl.11.00 Rune Nesheim og Elisabeth Holth
- 29 Mars kl.16.00 Rune Nesheim og Kari Brørvik
- 26 April Kl. 11.00 Elisabeth Holth
- 31 Mai Kl. 11.00 Kari Brørvik

4/26 Forberede årsmøtet i Eksingedalen Sokneråd 2026

- Årsmøtedato er 15 Februar etter gudstenesta
- Innkalling og sakliste Ansvar Kari Brørvik
- Årsmelding, ansvar Kari Brørvik men alle er med å deltek med innhald. Forslag: 30 Mars Berit Oppheim konsert, Ruben konsert 3 Mai, Dale Mannskor konsert 10 Mai, dåpsvandring Ljosheim. Oversikt over ofringane, rekneskap, kyrkjegards dag.

5/26 Avtale kyrkjegardsdag med Astrid og Jostein Farestveit rundt 20 Mai

- Elisabeth Holth tek ansvar for å fastsette endeleg dato for dette og høyrer om Astrid og Jostein ynskjer å levere blomar som før.Kari Brørvik og Elisabeth Holth tek ansvar for kaffi og mat denne dagen.

6/26 Orienteringsaker frå Fellesrådsmøtet m/Rune og Frode

- Økonomien er krevjande i Vaksdal Fellesråd p.g.a. bland anna lekkasje i Bergsdalen Kyrkje.
- Grindportane er etterspurt og me tenkjer dei må vera på plass fram mot våren igjen.
- Reperasjon av den eine dåpskanna må sjekkast ut. Den eldste dåpskanna i sink som er levert inn til reperasjon for mange år sidan, finn ein fortsatt ikkje ut av kor den er. Dåpskanne nr. 2 i keramikk er levert inn for liming av handtak. Denne må sjekkast opp og ha på plass når det er tid for dåp denne våren/sommaren. Rune har lova å sjekka opp.
- Så i gravene. Rune sjekker opp med kyrkjevevje om dette
- Plenen blir sjeldan klyppt, dette heng i sammen med økonomien til Fellesrådet er blitt fortalt. Kari sjekker opp i tillegg.
- Flom belysning. Rune sjekker opp og fylgjer saka vidare.
- Dugnads rapportering, Rune fyller ut skjema og sender inn til Fellesrådet. Ca. rundt 40 timer?

7/26 Økonomi status v/Rune Nesheim

- 20.000,- ved årskiftet
 - 6000,- brukskonto
 - Ca. 18.000,- Dore Lavik minnefond
- Rune og Astrid Lavik steller gravene sjølv og sende rekning til kasserer Rune Nesheim.

8/26 Andre saker?

- Frode informerte om Felles sokneråds samling på Dale den 17 Mars kl.17.30. Alle sokneråda i Vaksdal er velkomne.
Saker som skal opp: Liturgien, antall gudstjenester, trusopplæring
- Sokneråds samanslåing og samanslåing av kyrkjene? Soknerådet bør tenkje gjennom denne problemstillinga framover.

Neste møte: Etter gudstjenesta 31 mai? Siste møte før sommeren.

Mvh

Eksingedalen Sokneråd

v/Kari Brørvik

